


BONBON SKJØRT



Silke & Dynamitt



Eg er veldig opptatt av komfort når det gjeld kleda mine. Om noko er ubehageleg å gå med, endar det opp med at eg aldri bruker det. Dette skjørtet er eit av dei mest behagelege plagga eg har. Når du syr av brukte tekstilar, særleg gamle dynetrekk, er stoffet vaska så mange gonger at det har blitt tynt og mjukt. I tillegg er det så mykje elastisitet i vaffelsaumen at det aldri strammar rundt magen. Her er det berre å ete softis utan bekymring!



Eigna materiale

- Eit tynt stoff utan stretch, gjerne i bomull. Eit dynetrekk eignar seg godt.

Utstyr:


- strikktråd



MÅL:

Livvidde: _____ cm

Høgde skjørt: _____ cm



MØNSTERDELANE


Vi skal no teikne opp eit trapes der vi bruker livvidda di som utgangspunkt. Sjå på illustrasjonen nede til venstre, det kan vere lurt å teikne ein liten kladd på førehand, med måla dine lagt inn, slik at du lett kan følge teikninga.

LEGG INN DEI RETTE MÅLA

Den øvste linja skal vere omkretsen på livet ditt (livvidda) på det smalaste. Målet på den nedste linja er livvidda di + 10 cm. Døme: Dersom livvidda di er 80 cm, skal den nedste linja vere 90 cm. Desse trapesa (2 stk.) skal utgjere den øvste delen av skjørtet.

Eg ville at denne delen skulle nå meg til ca. midt på låret, noko som hos meg utgjorde 45 cm. Mål deg frå navlen og så langt ned du vil at øvste delen av skjørtet skal gå, så finn du korrekt mål.

Illustrasjon 1




KLIPPE UT SKJØRTEDELANE

Når du skal teikne opp trapeset på stoffet, er det lurt å teikne den nedste linja, som er den lengste, først. Deretter finn du det midtarste punktet og drar høgdelinja opp, og så teiknar du opp den øvste linja. Til slutt drar du side-strekane mellom punkta ([Illustrasjon 1](#)).

Legg biten du har klipt ut, på stoffet og klipp ut ein identisk bit. Desse to bitane skal utgjere øvste delen av skjørtet ditt.

Illustrasjon 2




SY SAMAN SKJØRTEDELANE

Nål delane saman rette mot rette og sy sidesaumane ([Illustrasjon 2](#)). Press saumane frå kvarandre med strykejern.

LEGG OPP ØVSTE KANTEN

Brett den øvste kanten ned 1 cm mot vranga, stryk han, fest han med knappenåler og sy han fast med rettsaum.

Illustrasjon 3



VAFFELSAUM

No skal du byrje på vaffelsaumen.

[Sjå innføring i dette på nest siste side.](#)

Test ut vaffelsaumen på eit lite stoffstykke før du byrjar med sjølv skjørtet. Målet er at stoffet skal krympe til halv storleik i breidda, slik at det som no er dobbelt så stort som livvidda di, skal passe deg akkurat.

Når du har tredd symaskina med strikktråd, legg du symaskinfoten inntil den øvste kanten av skjørtet. Fest tråden og sy heile vegen rundt. Når du kjem rundt, festar du tråden, tar foten eitt hakk ned og syr ein runde til, parallelt med saumen du nettopp sydde. Gjenta dette til rundane med vaffelsaumen utgjør ca. 8 cm, eller så langt du ønsker at livet på skjørtet skal gå. Test gjerne skjørtet undervegs. ([Illustrasjon 3](#)).

Når du er ferdig, tar du strykejernet og går over vaffelsaumen, då trekker det seg saman enda endå litt meir.



RYNKEKAPPE

No skal du klippe ut den nedste biten av skjørtet: rynkekappa. Den skal vere dobbelt så lang som den nedste kanten på skjørtet du til no har sydd. Dersom omkretsen på nedste delen av skjørtet er 180 cm, blir lengda på rynkekappa 360 cm. Breidde: 25 cm. Her må du kanskje klippe ut fleire bitar og skøyte dei saman.



Klipp ut delen/delane og sy sikksakk rundt sårkantane. Sy det lange rektangelet saman i kortsidene, rette mot rette, slik at det dannar ein ring. Legg opp den nedste kanten på ringen med 1 cm.

Sy to parallelle rynketrådar i den øvste kanten og rynk stoffet saman slik at det passar til nedste del av skjørtet (**sjå innføring bakerst i dokumentet**).

Sy skjørtet og rynkekappa saman og fjern rynketråden. Press saumane frå kvarandre.

Alternativ 1:

Dersom du vil lage eit lengre etasjeskjørt, kan du lage fleire rynkekapper nedover.

Alternativ 2:

Dersom du vil lage eit kortare skjørt, lag hovudskjørtet, kortare.

Alternativ 3:

Dersom du vil ha eit kort skjørt med fleire rynkekapper, kan du lage eit kort hovudskjørt, og fleire korte rynkekapper.

OPPSKRIFTA ER HENTA FRÅ
CHRISTINE FURE SCHWARZ SI BOK, REDESIGN



@SILKEOGDYNAMITT

Intro til vaffelsaum



Vaffelsaum syr ein med ein elastisk undertråd. Denne spolar du på ein undertrådspole for hand, eller på maskin. Eg synest det er lettast å spole på for hand, då surrar du berre tråden rundt og rundt spolen medan du drar litt i strikken.


Til overtråden bruker du vanleg sytråd som passar til stoffet. Som regel går det fint å sy vaffelsaum med heilt standard innstillingar, men ein må prøve seg fram litt, alt etter kva stoff ein skal sy i, og kva maskin ein har.

Tommelfingerregelen er at stoffet krympar til halv storleik. Om du skal sy noko som skal passe deg til dømes kring midja, må du doble desse måla.

For meir informasjon om vaffelsaum, søk op "shirring" eller "vaffelsøm" på youtube. :-)

Korleis sy rynker

Bilde 1



Still symaskina di inn på rettsaum med maks stinglengde. Det er viktig at du ikkje festar tråden, for då blir det ikkje mogleg å rynke saman stoffet etterpå.

Bilde 2



Dra ut ca. 10 cm av både under- og overtråd før du byrjar å sy. Sy først ein saum nær kanten på plagget du vil rynke. La det vere ca. 10 cm tråd på slutten også. Heller ikkje her skal du feste tråden.

Sy ein parallell saum ca. 1 cm frå den førre saumen på akkurat den same måten (Bilde 1).

Bilde 3



No skal du rynke saman stoffet. Ta tak i overtrådane (på framsida av stoffet), undertrådane lar du ligge. Hald i trådane og dra i stoffet, slik at det rynker seg. Gjer det same på den andre sida. Dra og fordel til rynkene er jamne (Bilde 2).

Når du har rynka nok, monterer du delen fast til resten av plagget med knappenåler (Bilde 3).

Bilde 4



Byt tilbake til normal stinglengde og rett trådfarge. Sy med vanleg rettsaum midt mellom dei to rynketrådane. Press saumane frå kvarandre med eit strykejern.

Fjern til slutt rynketrådane. Resultatet ser du på bilde 4.